

Årsmelding for Samnanger historielag, 2019.

Tillitsvalde:

Solvor Aadland	leiar	Helge Hisdal	nestleiar
Audhild Aadland Olsnes	skrivar	Solvor Aadland	kasserar
Vidar Trengereid	styremedlem	Bjørn Rykkje	styremedlem
Tor Wold	varamedlem	Kristian Jørgensen	varamedlem
Gisle G. Øye	revisor		

Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes

Årboknemnd: Tor Wold, Karin Høysæter Steinsland, Liv Røsseland og Brigte Olav Gåsdal.

Valnemnd: Solveig Vassenden og Brynjulv Hernes.

Medlemar: Historielaget hadde 145 medlemmar ved årskiftet, 96 vanlege medlemskap og 24 familiemedlemskap.

Møte: Laget har hatt 7 styremøte, årsmøte og mange komitemøte, for rosemåling og kulturminneturar.

Medlemspengar: Årsmøtet gjorde vedtak om at medlemspengane for 2020 skulle vera 250 kr for einskildmedlemar og 300 kr for familiar.

Vidare var det kaffi og kringle på årsmøtet, og Tor Wold heldt eit interessant kåseri om jektefarten frå bygdelaga langs Samnangerfjorden.

Aktivitetar i året..

Vårtur til Hardanger; til Agatunet og Utne museum. Kjent og godt opplegg med veteranbuss og triveleg sjåfør, Kjell Ove Fossdal, som førte oss trygt til Kvanndal der me tok ferja til Utne. 41 passasjerar, av dei 26 medlemar og 15 andre var med. Fint ver og gode omvisarar. Det velhaldne, gamle klyngjetunet på Aga tok oss inn i ei anna tid då folk budde tett saman. Mange flotte hus og kulturminne, og til og med ei ærverdige tingstove som var fleire hundre år gammal. På Utne museum såg me både Tveitafeler og mange andre feler, eit rom fullt av brystdukar eller bringeklutar på alle vegger og ein sal med m.a. eit bunadskledd bryllaupsfylgje der mange var på plass i færingen på veg til kyrkja. Gamle små hus låg fint i terrenget ovanfor galleriet med vidt utsyn over fjorden. Ei flott samling og eit interessant museum for både store og små! Middagsmat vart det også før me tok fatt på ein smal, spennande veg gjennom frukthagar mot Herand og Jondal og så ferjetur til Tørvikbygd.

Rosemålingskveld på biblioteket 10.10.: I 2018 hadde historielaget feler og felebygging som hovudtema. I 2019 ville me satsa på rosemåling, eit naturleg val sidan den kjende Osmålinga har sitt opphav her i bygda gjennom Johannes Tveitarås d.e. f.1763 og sønene Johannes f.1791 og Nils Tveitarås f.1795. Nils hamna i Hegglandsdalen der han vart gift på Midthus. Gjennom generasjonar fram til i dag har hans etterkomarar m.fl. utvikla målingstradisjonen som kom frå Tveitarås i Samnanger. Samstundes målte både Johannes d.e. og Johannes d.y. mykje her i bygda. Kva kunne me finna frå denne tida?

Gjennom arbeidet vårt; me har snakka med mange, sett mykje fint, teke bilete og fått låna ting til utstillinga i oktober. Me har ikkje oversyn over alt som finst i bygda. Denne rosemålingskvelden opplevde me at mange hadde med seg fin rosemåling som me ikkje kjende til. Det vart ei flott utstilling med mykje vakkert, frå store kister til små skrin og tretallerkar. På dette området er det ein heil del å gjera før me er i land med oversikta. Somme driv også i dag med rosemålings. Ein del av utstillinga viste produkt frå nyare tid.

Mange, både bygdafolk og andre som ætta her ifrå, fylte biblioteket for å sjå alt det fine og ikkje minst høyra på Nils Georg Brekke, professoren og osingen som veit det meste om rosemåling, både her og i vestlandsbygdene. Ein strålande kveld vart det! (Du finn meir om dette på historielaget si heimeside) www.samnanger.historielag.no

Kulturminne- turgruppe. I skog og mark, på fjellet og ved fjorden finst det mange kulturminne. Nokre er lette å oppdaga, andre må ein vita om for å finna dei. Ei gruppe i historielaget vil laga ei oversikt og få desse minna fram i dagen så folk kan ta seg turar dit.

Fotogruppa er utvida og vil gjera meir med bileta som er innsamla og som ligg i arkivet til historielaget. I tillegg er dei svært interesserte i å utvida samlinga.

Aktivitetar elles. Laget var representert med stand på Tysse under **Samningaveko**. Mykje regn, men Tor Wold hadde laga mange forteljande tyssebilete som vart viste inne i Landhandleriet. På **Aktivitetstorget** som frivilligsentralen skipa til på Bjørkheim i haust, var dei fleste laga og organisasjonane på plass ein strålande solskinsdag. Historielaget hadde fin stand med bilete, alle årbokårgangane hang til gjennomsyn, og Helge var der med alt utstyret til treskogravinga. Han har også hatt det med seg andre stader, m.a. i Os der han sat og grov tresko.

Antons kulturhistoriske senter har i mange år vore møte- og arkivstad for historielaget. No har Anton kome til at han må gje seg og leggja staden ut for sal. Historielaget tykkjer det vert eit stort tap både for bygda og regionen om denne kulturstaden; museuret med gjenstandar frå etterkrigstida, særleg 50- og 60-talet, vert borte. Historielaget har difor teke kontakt med kommunen for å få dei med på å berga senteret. Her trengst det mange gode hjelparar, og ein del møte har det vore. Både kulturetatar og fylke er dregne inn.

Årboka 2019. Det er alltid spennande å lesa om gamle dagar i Samnanger. Ei spesiell framside dette året, i grønt kring ein gullfarga medalje som Ingvald Gjerde fekk for redningsdåd i 1951. Me får høyra meir om Livet langs fjorden, Nordlandsfart og sildefiske som gav oppsving og rikdom i fleire slekter. Meir om krigen og tida etterpå vert det og, sett gjennom augo til ein gutunge. Gerhardsen vitja Samnanger, og lenge før det, var det ein krigar i Gåsdaalen. Oppstart av ungdomsskule gjorde at fleire fekk utdanning, til og med i si eiga bygd. Så er det skottehandel, folkevekst og innvandring, og her er det forskning og genetikk. Ei mangslungen bok, og minne om fin hornmusikk første juledag er ikkje vanskeleg å førestilla seg. Takk til alle som står bak årboka!

Takk ! Gode medarbeidarar vart takka av i året som gjekk. Ivar Bård Aadland for stor innsats sidan laget vart starta og ikkje minst som viktig skribent i årboka, Anlaug Røen Hauge for redaktørarbeid gjennom mange år og Helge Hisdal for heile 10 år som leiar i laget! Elles takk til alle som støttar arbeidet til historielaget på ulike måtar og takk for godt samarbeid med Antons kulturhistoriske senter og Samnanger kommune. For styret, Audhild Aadland Olsnes, skrivar.